Frå søskenbarntreff til skulemusikken. 18.03.2013

Dei yngste i korpset spelar på basaren i november.

Laurdag var etterkommarane etter Isak og Brita Karine (Kaia) Døssland samla til koseleg søskenbarntreff i Hjønnevåg sine lokale på Børnes. Etter ei triveleg stund med nydeleg mat frå Elins Matgleder, song, drøs og mykje attåt, var det 1820kr til overs. Dette vart bestemt skulle setjast inn på skulemusikken sin konto.

Styret i skulemusikken er svært takksame for gåva. Dei understrekar at dei er svært glade for all velvilje og raushet som dei møter i mange samanhengar.

Foto: Ola Matti Mathisen.